

Tekniske Løsninger AS
Daglig leder/adm.direktør Åse-Helen Holm
Nordstrandvegen 6
5265 YTRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8792 - 20/24491

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
12.05.2020

Varsel om pålegg om tilbakeføring og rydding og tvangsmulkt - gbnr 336/96 Ådland nordre

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr:
Tiltakshavar: Åse-Helen Holm
Grunneigar: Tekniske løsninger AS

Kommunen er kjent med at arbeidet med oppføring av fritidsbustad har vore innstilt i meir enn 2 år etter at det var gitt stoppordre.

Dette er eit varsel om at vi kan pålegge deg at den delen av tiltaket som er bygga vert fjerna og eigedomen rydda. Dette varselet følgjer opp førehandsvarsel om pålegg om å fjerne påbegynt tiltak samt ilegging av tvangsmulkt i skriv av 04.09.2019 i sak 19/1538 i tidlegare Meland kommune. Det betyr at du innan 3 veker kan komme med flere opplysninger. Dersom opplysningene ikkje endrar vårt syn på saka, vil du få eit nytt brev med et pålegg kor vi setter ein frist for når dere må ha rettet forholdet. I pålegget kan vi også sette en tvangsmulkt. En tvangsmulkt er et pengebeløp som forfaller dersom dere ikke overholder fristen i pålegget.

Historikk og utgreiing av det ulovlige forholdet

Den 25.10.2016 gav Meland kommune byggeløyve for oppføring av fritidsbustad på gbnr. 336/96 (tidlegare 36/96 i Meland kommune) med bruk av brakker. I pålegg datert 20.06.2017 stilte kommunen krav om uavhengig kontroll for følgjande: PRO grunnarbeid og tømrararbeid og UTF montering av bærande metall- og betongkonstruksjonar og tømrararbeid. I vedtak datert 23.06.2017 vart det gitt pålegg om stans av arbeid og sikring av byggeplassen. Ansvarleg sokjar trakk seg frå prosjektet i brev datert 23.01.2018.

I skriv av 04.09.2019 har kommunen sendt ut førehandsvarsle med pålegg om å fjerne påbegynt tiltak samt ileyding av tvangsmulkt. Dette skrivet står ubesvart.

Arbeidet med oppføring av fritidsbustad har vore innstilt i meir enn 2 år etter at det vart gitt stoppordre på eigedomen – gbnr 336/96 - i vedtak datert 23.06.2017 i sak 19/1538 i tidlegare Meland kommune. Dette inneber at løvet er gått ut og at dykk ikkje har gyldig byggeløyve til fortsette prosessen.

Vi er også kjent med at det er plassert ei brakke på gbnr 336/3 som skulle brukast til prosjektet.

Saka er gjennom si lange sakshistorikk godt kjent for både kommunen og dykk. Vi ser alvorleg på saka. Brakkene er plassert på stylter og utgjer ei fare for liv og helse. Det er mogleg å krype under brakkene og kan vere farleg for born.

Korleis kan du rette opp i det ulovlege tilfelle?

Retter du opp det ulovlige forholdet, unngår du pålegg om fjering og rydding og tvangsmulkt. Dette kan skje på følgande måtar:

1. Påbegynt byggetiltak på gbnr. 336/96 skal tilbakeførast og eigedomen skal ryddast.

Handtering av avfallet skal vere i samsvar med forureiningslova, og skal leverast til godkjent deponi. Med «tilbakeføring» meinast at eigedomen skal sjå ut som den var før tiltaket vert satt i gong.

2. Sende inn ny byggesøknad

En ansvarlig søker (fagperson) kan sende oss komplett søknad om å få forholdet godkjent i ettertid. Det er krav til uavhengig kontroll for følgjande: PRO grunnarbeid og tømrararbeid, sjå skriv om pålegg datert 20.06.2017. UTF montering av bærande metall- og betongkonstruksjonar og tømrararbeid.

Tiltaket skal fjernast dersom søknaden blir avslått og eigedomane skal ryddast. Handtering av avfallet skal vere i samsvar med forureiningslova og leverast til godkjent deponi.

Dersom du vel å sende inn ny søknad, vil vi vente med å følge opp det ulovlige forholdet til søknaden er behandla.

Frist for retting

Det gis ein frist på tilbakeføring og rydding av eigedomen til **15.06.2020**.

Førehandsvarsle om vedtak med pålegg om retting og tvangsmulkt

Om det ulovlege tilfellet ikkje vert retta innan fristen kan saka verte følgd opp med pålegg om retting og tvangsmulkt utan vidare varsle. Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgjt, kan kommunen utferde førelegg. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å gje uttale i saka. Uttale må vera sendt innan 3 veker.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå gjeldande gebyrregulativ for Alver kommune.

Aktuelt regelverk

- Etter plan- og bygningslova (tbl) § 32-1 skal kommunen skal forfølgje overtredelsar av føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova.
- Det følgjer av tbl § 21-9 tredje ledd andre setning at viss arbeidet på eit tiltak vert innstilt i meir enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket vert fjerna og eigedomen rydda.
- Plikt til å söke om tiltaket fremgår av plan- og bygningsloven (tbl.) § 20-2 jf. § 20-1, første ledd, bokstav.
- Vår rett til å gi pålegg slås fast i tbl. § 32-3 første ledd og tbl. § 32-5.
- Vår plikt til å førehandsvarsle eventuelle vedtak slås fast i tbl. § 32-2.

Har dykk spørsmål?

Ta gjerne kontakt med saksbehandler på tlf. 56375401 eller på e-post
tone.furustol@alver.kommune.no, dersom dykk har spørsmål. Husk å oppgi saksnummer 20/8792 i emnefeltet.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tekniske Løsninger AS Åse-Helen Holm	Nordstrandvegen 6 Nordstrandvegen 6	5265 5265	YTRE ARNA YTRE ARNA
---	--	--------------	------------------------